

Kronikk


KRONIKK 7000 TEIKN

«Ingen av dei to er framande
for eksistensielle tema.»

Hauge og Machado – sjlefrendar?

ELISABET VALLEVIK

Dikta til Antonio Machado og Olav H. Hauge har ein sams dâm. Den direkte tonen, den knappe uttrykksmåten og bileta henta frå ein mannleg sfære gjev dikta eit virilt preg.



«For meg er Antonio Machado diktaren», skreiv Olav H. Hauge.

Den spanske diktaren Antonio Machado (1875–1939) – kanskje mest kjend i Noreg for tittelen til ei bok av biletkunstnaren Ferdinand Finne: «Veien blir til mens du går», henta frå ei verseline i eit av dikta hans – er ein av dei aller største, mest lesne og folkekjære spanske diktarane.

Han var fødd i Sevilla – «Min barndom er minne om ein patio i Sevilla, ein klar frukthage der sitrontreet mognar» – men budde det meste av sitt vaksne liv på høg-sletta i innlandet Castilla, mellom anna fem år som fransklektor i den gamle kastiljanske byen Soria. Litteraturhistorisk tilhører han den såkalla 98-generasjonen, som fekk namnet sitt etter det året då Spania miste dei siste oversjøiske koloniane sine – Cuba og Filippinane. Denne hendinga førde til ei oppvakning og krise i Spania, både politisk, sosialt og kulturelt, etter eit hundreår med vanstyre, stagnasjon og borgarkrigar. Det store spørsmålet vart: Kva er Spania? Kva bind oss saman, kva er verdigrunnlaget vi kviler på som nasjon? Denne sjølvtransakinga fall saman med oppkoma av ein ny og uvanleg gåverik diktargenerasjon, med namn som Miguel de Unamuno, Pio Baroja, Azorin, Valle-Inclan og altså Antonio Machado. Det som batt desse saman og gav dei eit felles generasjonsnamn, var nettopp Spania-spørsmålet. Dei nærma seg spørsmålet med stort alvor, og eitt av svara dei fann, kan, i stikkordsform, kalla Castilla. Castilla med det barske og strenge landskapet av endelause sletter, isnande kulde om vinteren og ei brennande sol om sumaren, eit hardført og nøy-samt folkeferd. Det var her, framfor alt, at dei meinte å finna Spanias sjel. Antonio Machado identifiserer seg med, og syng om, dette landskapet. Antonio Machado døydde i eksil i Frankrike.

TIL SENG MED MACHADO

Olav H. Hauge (1908–1994) sette Antonio Machado høgt, det kan me lesa or dagbøkene hans. Frå Hauge tok til å interessera seg for spansk diktning i 1960-åra og fram til 1989, nemner han Machado elleve gonger. Den 21. april 1967 les han Machado i svensk omsetjing og seier mellom anna: «Gode, forneme dikt. Sprungne av hjarta, song og visjon. Strenge form. Cezanne. Dette har vore ein gild dag. Til sengs, midt i vårvinnna, med Machadol!»

24. juli 1977 skriv han, m.a. «For meg er Machado diktaren». 17. februar 1979: «ENDELEG EIN SOM ER SAMD MED MEG 'Good poets are sparing in the use of metaphors; but their metaphors at times are real creations.' Machado.»

Har dei så noko sams som diktarar, desse to? Tematisk kan ein finna ei rekke paralleller – allusjonar til det private, til barndomsminne, til ungdomstid, til kjærleik, draum, sorg og tap. Dei er begge sterkt knytte til landskapet der dei bur, som i dikta ofte blir transformert til indre landskap, til sjelbilete.

Machado i «Kastiljanske landskap»:

Der, i det høge landet / der Duero formar sin pilboge / rundt Soria, mellom blyfarga åsar / og flekker av sliten eikeskog, / flakkar mitt hjarta omkring, i draumar...

Hauge i «Du leitar»:

Som elvi i haustneter / leitar i regnmyrke / skogar og mumlar / i skodde og regn / under grønskiml og tros / og solsvide bar, – / slik famlar ditt minne / i sine skuggeskogar / og leitar som elvi / ei haustnatt, til det finn att / halvgløymde far.

Ingen av dei to er framande for eksistensielle tema, og i desse to dikta er metaforbruka slåande lik. Machado:

Vandrar, dine fotefar / er vegen, og inkje anna; / vandrar, det finst ingen veg, / vegen blir til medan du går. / Medan du går blir vegen til, / og når du ser deg attende / Ser du stigen du / aldri meir skal trå. / Vandrar, det finst ingen veg, / berre strime i havet.

Og Hauge («Din veg»):

Ingen har vardar den vegen / du skal gå / ut i det ukjende / ut i det blå. / Dette er din veg. / Berre du / skal gå han. Og det er / uråd å snu. / Og ikkje vardar du vegen, / du hell. / Og vindren stryk ut ditt far / i aude fjell.

FELLES DÂM

Personleg tykkjer eg at dikta til Machado og Hauge har ein sams dâm over seg. Det

ting. Typisk for denne retninga var ei sökjing etter det aristokratiske, estetiske, eksotiske og subjektive. Ho lét seg påverka av andre kunstformer som musikk og skulptur og hadde som ideal det sanseleg vakre og «kunst for kunsten si skuld». Ho forkasta det kvardagslege og jordnære. Antonio Machado var nok påverka av modernismen, men han tok òg klar avstand frå det kunstsynet som rådde der. Han var svært oppteken av den spanske røyndomen han hadde rundt seg, av det spanske folket og deira lagnad og av naturen på det kastiljanske slettelandet, på lik line med dei andre i 98-generasjonen. Sjølv seier han: «Eg tenkte at det poetiske element ikkje låg i den lydlege kvalitet til ordet og heller ikkje i fargen eller i lina eller i ei samling sanseintrykk, men i ei djup sjøleleg rørsle.» Diktet skal korkje vera pynt eller logisk tanke, men gripa augneblinken: *Ikkje hard og evig marmor / ikkje musikk eller måleri / men ord i tid.*

Vel kjent er Olav H. Hauges ironiske blikk på sitt eige tilhøve til modernismen i «Gamal diktar prøver seg som modernist» – han med ville prøva «desse nye styltrone».

Var Hauge samd med Machado i synet på modernismen? Hauge var i alle høve ikkje redd for å dikta om det kvardagslege og det han hadde rundt seg. Han seier i «Eg har tri dikt»:

Eit godt dikt / skal lukta av te. / Eller av rå mold og nykløyvd ved.

RØTENE

Den meiningsberande funksjonen til ordet synest vera den viktigaste for han. I diktet «Bøn» heiter det: *Opn mine augo, Herre, / so eg kan betre sjå / underet, ikkje berre avgansen utanpå.*

Som versemål kunne både Hauge og Machado nyttja tradisjonelle strofeformer med røter langt attende i folkeleg tradisjon, Hauge ned sine folkeviseliknande strofer; Machado brukar romansen (balladen), som på si side har røter i dei gamle spanske heltedikta. Men begge brukar òg gjerne sonetten – denne klassiske diktforma som med dei strenge formkrava sine gjerne blir sett sidd på som den mest krevjande.

At Hauge las Machado, har me eit vakert uttrykk for i diktet «Snø i Castilla»:

I Castilla helsar dei snøen like velkommen / som me helsar aldeblomen um våren. / Difor syng Machado so vakkert um snø, / snø på Castillas solbrende rustraude berg! / Ein skugge sør under snoen på oljegreinene, / eg kjem i hug hagane heime / som ofte vert skadde av frost.

I diktet «Snø i Castilla» fører Olav H. Hauge saman dei to heimane sine, heimstaden i Ulvik med diktning og aldehagar og den store bokheimen, verds litteraturen.

I dagbøkene seier han det sjølv slik: «Økland segjer eg lever i Ulvik, i diktmine. Eg lever no berre halvveges der, den andre heimen har vore i litteraturen» (12. april 1989).

Kanskje kan diktet «Snø i Castilla» symbolisera eit heilt levd liv?

ELISABET VALLEVIK

Elisabet Vallevik er tidlegare spansklektor ved Oslo Katedralskole.